



SPELEGLADE: I Noreg er Nintendo og Playstation definert som fritid. Men elevane ved Toftøy skule i Øygarden vil svært gjerne bruke dataspel i klasserommet. Frå v.: Bjørnar Storemark, Celine Turøy og Kristian Johannessen.

Playstation på skulen? Tja, takk!

Yes! seier elevane i Øygarden. Alt med måte, men, ja, kanskje, seier lærarane.

«**DU SKAL GJERA** som dei vaksne seier,» står det på ein gul plakat på oppslagstavla i klasserommet der sjet-te klasse ved Toftøy skule i Øygarden har sitt hovud-kvarter.

Ein av reglane dei vaksne har innført, er at dataspel høyrer heimen til.

Regelen handlar mest om rutine. Tanken på Play-station og «Guitar Hero» i klasserommet er ein tanke som ikkje er blitt tenkt av dei vaksne. I alle fall ikkje høgt.

I denne samanhengen liknar skulen på dei aller

fleste andre norske grunnskular. Den slags dataspel er definert som fritid.

– Eg trur det kunne ha vore veldig spennande å prøve. Eg har vakse opp med data, men eg ser ikkje vekk frå at eldre lærarar er meir skeptiske, seier lærar for sjetteklassen, Helene Torgersen.

Elevane hennar uttrykkjer seg litt meir direkte:

– Yes!

DET FINST INGEN i sjetteklassen her som ikkje spelar på fritida, anten Playstation, Nintendo DS, Nintendo Wii, Xbox eller PC-spel.

– Ti timar dagleg, vurderer Bjørnar Storemark, men

regulerer anslaget ned til tre. Han held seg mest til PC og «Runescape», eitt av dei mest populære nettspe-la.

– Eg trur gutane spelar meir krigsspel, seier Celine Turøy. Ho spelar sjølv både på Playstation og PC, gjer-ne «Guitar Hero».

– Men eg blir fort sliten av det, seier ho.

Unntaket frå regelen i klasseromma på Toftøy skule er spel som er stempla «pedagogisk», utvikla spesifikt til bruk i skulen. Dei blir brukt ein del, særleg til mat-te- og engelskundervisning.

– Vi har eit abonnement på spel hos Fagbokforlaget, seier rektor Elise Nyborg-Christensen.

LÆRAR HELENE Torgersen trur særleg gutane kunne hatt stort nytte av spel i undervisninga.